

Møtereferat

Dato: 29.10.2019

Emne:	Regionalt planforum 29.11.2019 - referat, (Områderegulering Lonevåg)	
Til stades:	Osterøy kommune: ordfører Lars Fjeldstad, rådmann Ingvild Hjelmtveit, Berit Rystad, Viviann Kjøpstad, Anders Gulowsen, Wenche-Mari Bliksås, Fredrik Karlsen Hordaland fylkeskommune: Eva Katrine Ritland Taule, Malene Utkilen, Grete Kathrine Jacobsen, Gunhild Raddum, Elizabeth Warren, Lars Petter Klem, Kjell Håland Fylkesmannen i Vestland: Fredrik Arnesen Statens vegvesen: Lars Ottar Sagstad, Sigmund Bødal	
Forfall:	NVE	Sak: 2017/4215
Møtetid:	29.10.201 kl 1300 - 1500	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordland

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule**Referent: Malene Utkilen**

Planforum 29.10.2019

Konst. plansjef i Hordaland fylkeskommune ønskte velkomen og leia møtet.
Deltakarane presenterte seg.

DEL 1: Presentasjon av sak – målsetjing for møtet

Lars Fjeldstad, ordfører i Osterøy kommune

Ordfører innleia med presentasjon av Lonevåg med historiske liner. Osterøy kommune vart til i 1964 etter samanslåing av fleire kommunar. Samla drift etterkvart i Lonevåg, i hovudsak av geografiske årsakar.

Fugledalen utvikling i Lonevåg skal romme 192 bueiningar. Berre dette feltet skal kunne ta folketalsaukinga i god tid framover. Vi har idrettsanlegg, barne- ungdoms og vidaregåande skule i dette området. Difor er vi avhengig at vi får eit meir attraktivt og funksjonelt sentrumsområde i Lonevåg.

Viviann Kjøpstad, planleggar i Osterøy kommune

Dette er den første fortetningsplanen i Osterøy kommune. Det er ein pragmatisk plan, det er ikkje dei store grepa ein tar i planprosessen. Målet er å gjere det tryggare i Lonevåg, og at planen vert realiserbar i nær framtid. Kunnskapsgrunnlaget er tettstadsanalyse, skredfarekartlegging, flaumfarekartlegging, og konseptanalyse for risikoreduserande tiltak for flaum. Vi har også fått midlar frå fylkeskommunen til mogleighetsstudie.

Kartlegging av framtidig flaum og stormflo syner at Osterøy har større utfordringar enn førespegla. Vågatjørn har ein del fordrygningskapasitet til å ta korttidsflaum og det er difor nytta ei endring i 200-års flaumstorleik på 20 prosent klimapåslag. Det er nytta 70 cm på havnivåstigning. Mange bygg i sentrum vil vere utsett ved stormflo. Fylkesvegen er ikkje køyrbar ved ein slik situasjon. Det er valt open kanal som ei løysing. Førrebels er det delt inn i tre etappar, grunna nokon konfliktfylte delar. Målet er å sikre flaumveg og handtere overvatn, i tillegg til å gje positive effektar til området. Det er tenkt ein kulvert under fylkesveg. Det er også sett på moglegheit for kryssingspunkt for gåande og grønstruktur langs kanal som kan gje positive løft.

Planen legg opp til at fylkesvegen vert retta opp i sentrum, og at ein får på plass fortau på begge sider. Det er ikkje fortau i sentrum i dag. Ønske om kryssingspunkt her er noko av det vi ha fått mest innspel på. I medverknadsprosessen har det vore mykje fokus på snarvegar.

Det er lagt opp til høg dekning på parkering. Eksisterande parkering ligg på kote 1. Det er tenkt parkering i første etasje, så må vatn pumpes frå lågare areal til kanal. På Tide-tomta er det planlagt parkering i underetasje. I eksisterande bygg vil det vere ein miks av parkering. Det må vere krav i føresegnar om flaumsikring. Det er viktig at det også er flaumsikring på eksisterande bygg. I sentrum er det ein kommunal tomt utan bygningar, der det er ønske om leik- og aktivitetssenter i kombinasjon med overvasshandtering. Det er også ønske om ein meir tilgjengeleg kaifront i sentrum.

Det er mindre endringar for småbåthamna i høve til gjeldande plan. Det som er nytt er tilkomst. Det er tenkt bubilparkering i tilknytning båthamna med 100 båtplassar. For å få eit gang samband langs sjøen er det vurdert utfylling i sjø.

Dei fleste SEFRAK bygga er rive i Lonevåg. Det er nausttufter ved Vågatjørn, og kommunen ønsker innspel til føremål her, det er vurdert friluftsføremål. Det er tenkt å legge ein gangveg på nedsida av Vågatjørn og det er ønske om å opne opp her for å vise fram historia.

I Kårvika vert det vidareført krav om detaljregulering. Området er utvida noko for å legge inn eksisterande bygningar, men det er ikkje lagt inn auka utnytting. Kommunen ønsker innspel på fortetting i eksisterande bustadområde.

DEL 2: Dialog/ innspel frå regionalt planforum

Klimatilpassing, generelt

HFk: Osterøy er ein føregangskommune. Ein open kanal kan vere eit identitetsskapande element i Lonevåg som det ikkje er så mange av i dag. Det kan gje positive nærmiljøkvaliteter og snu situasjonen frå eit problem til noko positivt.

NVE skal være på plannettverk 20.november om naturbasert klimatilpassing der denne planen skal presenterast. Då kan de få innspel frå dei. Kanskje det er innspel å få andre stader i landet. Bergen kommune har laga ein overvassplan som de kan sjå på. Vi kjenner ikkje til andre eksemplar på open kanal. Det er gjort i Arendal, men av miljømessige årsaker.

Osterøy: Det er utarbeida tre alternativ for overvasshandtering i konseptanalyse for risikoreducerande tiltak for flaum. Osterøy fekk klimamidlar til dette arbeidet. Alternativet med open kanal er valt då dette er den beste løysinga for nærmiljø. Det er viktig for Osterøy å få tilbakemeldingar på klimatilpassing. Formannskapet har vore politisk styringsgruppe og det er stor einighet om dette.

FMV: Tar ein runde internt og opnar for vidare dialog om klimatilpassing. Voss kommune kan sjåast til i høve til overvatn. Det er viktig å sikre ålmenta tilgjenge til sjø. Det er ein art av nasjonal interesse i planområdet – ein laks, som ikkje er nemnt. Denne må takast med i skildringa. Saknar akseptkriteria i matrise for ROS analyse.

SVV: Det viktigaste er overvatn, dette må inn tidlig i prosessen. Allereie i dag er det skadar på fylkesvegen. Tide tomten må også avklarast. Tide-tomta er indrefileta og bør utnyttast på best mogleg måte.

Samferdsel

SVV: Tilkomst må være teknisk tilstrekkeleg. Det må vere direkte siktkrav. Trafikksikring må vektleggast ved fortetting, det vert ein del meir biltrafikk i tilknytning til bustadfelt. Dette bør sikrast gjennom rekkefølgekrav. Gateutforming er sentralt. Gang og sykkelveg, kor mykje skal vektleggast? Med tanke på at det er to tunnellar er kanskje ikkje sykkel så relevant. Det er sett av nok areal i sentrum for gang og vei.

Osterøy: Det er tenkt å vidareføre dagens regulerte situasjon. Elles er det fortau det er snakk om og å lage forbindingsliner. Det er ei ambisjon å legge til rette for sykling internt i sentrum og ein miljøgate frå rundkøyring og ned til første kryss. Det kan bli ein fin parade med trær. Å lage ein avskilt sykkelinfrastruktur som bryter vil kanskje øydelegge estetikken ved vegen.

Det er tenkt ulike rekkefølgekrav til ulike delfelt i høve til nye bustader. Det er pågåande reguleringsarbeid på Lonaneset. Om dei ikkje vert ferdig før oss vert det lagt inn krav om detaljregulering i områdeplan for Lonevåg. Vi har dialog angående tilbod for gåande i kryss sør for Lonaneset. Her legg ein opp til gangløysingar som skal vere snarveier til skule og idrettsanlegg.

HFK: Det er viktig å finne gode passasjer for snarvegen. Miljøgate er kanskje ikkje det rette omgrepet. Vi må også ha eit erstatningsareal til Tide-tomt som ikkje er for langt unna, til dømes Hauge. Parkering er også ofte nemnt i planskildringa. Skal ein minka biltrafikk i sentrum?

Osterøy: Vi har fått nokon gode alternativ til Tide-tomt som er ferdig regulerede. Det vi landa på som var mest eigna var på Espevold. Oddalsmyra på Hauge er eit alternativ, men der er ikkje like mykje plass. Det kjem ein del ny infrastruktur der som er slekta med Tide, mellom anna ein bensinstasjon. Vi har dialog med både Skyss og Tide. Tide ønsker heller ikkje å vere i Lonevåg, dei er positive til dialog om nytt areal.

Det er viktig med nok parkeringsplassar i Lonevåg. Styringsgruppa er også veldig opptatt av at det ikkje skal innskrenkast på parkering. Det skal bli eit sterkt signal om eit bilfritt sentrum. Noko parkering er tenkt med kroa. Køyringa i sentrum skal vere på baksida (austsida). Sanering av innkøyrsele vil vere eit sterkt signal om anna bruk enn parkering. Vi vil gjerne at folk skal kunne køyre til Lonevåg og kunne ta buss vidare. Dette er ikkje godt nok tilrettelagt på Osterøy. Parkering på Tide-tomt har sprengt på kapasitet i dag.

Småbåthamn

SVV: Korleis vert volum på båthamn i høve til parkering? Det kan fort bli attraktivt, så viktig med fokus på at det skal være tilbod først og fremst for båteigarar og at det ikkje vert ein bubilplass. Vi kan komme med krav til avkøyrsele ved småbåthamna.

FMV: Strandsona er lite tilgjengeleg. Vi kan bli negativ til å fylle ut her.

Osterøy: Bubilplass er eit privat innspel, så har kommunen valt dette området fordi det er infrastruktur der allereie. Det er ikkje gjort ei overordna vurdering på kva slags turisme ein ønsker i Osterøy, om det er bubiturisme. Det er ei utfordring å få masse folk hit på grunn av vegane. Det er utrolig dårlig tilkomst her. Om vi kan få gang samband til småbåthamna i Barvika kan Svennevika få betre tilkomst.

Kulturminner

Fylkeskonservatoren: Vi har vore ute og registrert og ikkje funnet noko nytt. Nausttuffer er kartlagt, det må vere eit større område som har omsynssone og tilrettelegging med skilt og skjøtselsplan. Ta gjerne kontakt med kommunekontakt frå Fylkeskonservatoren. Tettstadsanalysen kom ikkje godt nok fram i denne planen. Denne viser meir om kulturminner. Ruinane i Kårvika kan kanskje få ei omsynssone? Avslutningsvis ønsker vi fortsatt at kommunen fortsetter med kulturminneplanarbeidet.

Osterøy: Det er ikkje lagt inn omsynssone enno. Vi ser for oss ein vidareført utstrekning i høve til det som er i dag om vi ikkje får andre signal. Tettstadsanalysen skal være eit kunnskapsgrunnlag som leggast ved. I neste års budsjett er det satt av midlar til kulturminneplanen og vi har funnet nokon som skal ta hand om dette. Det vert ikkje ein omfattande plan, men den skal gjennomførast.

Turisme

HFK. Saknar litt tydelige liner til overordna strategiar for næring og reiseliv. Kva type turisme ein ønskjer å legge til rette for. Ikkje nødvendigvis store mengder, grunna vegane som er tatt opp som eit problem. Turister ønsker å oppleve noko unikt og oppleve plassar. Det er mange aktive reiselivsaktørar på Osterøy. For å bli lagt merke til må ein kanskje velje noko å legge vekt på. Saknar nokon overordna ønsker for kommunen og ein framoverlent strategisk planlegging for turisme. Industrihistorie er viktig. Unik anledning til å få opp attraktiviteten. Kan industrihistoria gjerast tilgjengeleg? Viktig å tenke turisme i heilskap for Osterøy.

Osterøy: Dette med lokalsamfunnsutvikling er kanskje den største utfordringa i Lonevåg. Vi har to LivOGLyst prosjekt i Osterøy kommune, men ikkje i Lonevåg. Det er dei andre stadene som har føresetningar for dette, og Osterøy har sin styrke i desse. Vi må

utvikle der det er naturleg. Om vi får til denne kanalen, så vil dette bli veldig attraktivt. Viktigast at Lonevåg vert attraktivt for dei som bur på Osterøy. Lonevåg er konstruert og difor er styrkene i de andre stadene. Første prioritet må vere at det er attraktivt for dei som bur der, og andre prioritet at turister kan stoppe for å ete eller liknande.

Folkehelse, barn og unge, universell utforming

HFK: Når det gjeld folkehelse er tryggleik viktig, dette er medviten i planlegginga. Møteplassar er også viktig. Strandsona er lite tilgjengeleg, her bør det vere mogleg å forene ulike omsyn, ikkje berre legge til rette for bubilar.

Osterøy: Husavatnet, som ligg sør i område med skulane, er mykje nytta av barn og unge til bading. Her er det tilrettelagt for tilkomst. Vi ønsker vidareføring av dette og opne opp for meir turområde. Meir fising i sjøen, medan Husavatnet er føretrakt til bading. Det er betre soltilhøve her. Vi ønsker ein del ubebygd areal i sentrum som møteplass. Noko å stoppe for undervegs som gjer det meir tungvint å nytte bilen.

Det er ikkje naturleg å gå innom området rundt Vågatjørn i dag. Vi vil betre gangsti og snarveger her og opne opp området. Det bør vere lågterskel å få til ein trase som kan nyttast av skulebarn. Ønsker også å opne for søknadsmidlar ved å regulere her. Bedehus som er regulert i dag vest for tjørnet skal endrast til bustad.

Råd for funksjonshemma har gjort ei nyleg kartlegging av trasear og bygg. Fokus i det siste har vore på parkeringsplasser for nedsett funksjonshemma. Heile torgområdet vil vere framkommeleg for alle. Det er fortau langs heile fylkesvegen som er gjennomført. Difor har vi hatt fokus på snarveger, som ikkje vil vere universelt utforma.

Senterstruktur

HFK: viser til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, som er viktig for senterstruktur og innhald i senter. For kommunesenter rår vi til 800 meter radius. Lurer på om planen vil gje god styring for sentrumsområdet og om det vert lagt til rette for handel.

Osterøy: Sentrumskjernen er ca 400 meter. Då reknar vi frå rundkjøring ved Hatlandsvågen i nord, til krysset sør-aust for Lonanaset. Todelt sentrum. Idrettsanlegg og skuler, pluss regulering av ny barnehage i det andre. Vi tenker at handel vert styrt gjennom at alle bygningane må ha aktivitet på fyrste plan. Det kan ikkje vere bustader til dømes. Det er ingen store aktørar her, så vi må legge til rette for praktisk nyttig. Vi vil styre noko i føresegner, men ikkje veldig mykje. Handelslekkasjen er monaleg i Osterøy kommune.

HFK: Eit tydeleg avgrensa sentrumsområde kan styrke sentrumskjernen. Dette kan også vere positivt for å redusere handelslekkasje. Kanskje dette druknar litt i andre føringar som er gode for denne planen. Vi har kompetanse på god sentrumsutvikling. Kanskje de bør ta kontakt med Liz Eva Tøllefsen for råd om dette.

FMV: Det er viktig at det vert planlagt for forskjellige typar bustadar. Her har de ein moglegheit til å skildra kva som er trong for og kva ein ønskjer å gjøere med dette.

Osterøy: Det er mangel på mindre bustader og leilegheiter. Utdrining på vedlikehald for eldre og lite alternativ for fyrstegongsetablarar. Vi treng ei variert bustadbygging i heile kommunen, ikkje berre i Lonevåg.

Avslutning

Kjell Håland frå KIRU ved fylkeskommunen vil påpeike at denne planen er ei begeistring. Ønsker å gi kommunen honnør for den audmjuke måten kommunen har lagt frem planen på med ønske om innspel. Denne planen kan gje Lonevåg eit løft. Det vert krevjande, men følger Osterøy råda kan de få ein god plan. Kreative og flinke folk som jobbar i råd for funksjonshemma på Osterøy som kan nyttast.

HFK: vi er open for kontakt på fleire tema.